



Rabben på skjermen i forvaltningskomiteen onsdag. Foran sit verksemdsleiar Tormod Fossheim og saksbehandlar Jon Harald Kjærland. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Med ni mot to røyster (komiteleiar Egil Heimvik frå Frp og Morten Vevatne frå Høgre) har forvaltningskomiteen slutta seg til innstillinga frå rådmannen og sagt nei til klaga frå Rabben Camping over dele- og byggjeforbodet. Dermed må Rabben-vertskapet venta på stadfesta reguleringsplan før dei får lov til å gjera noko med sanitærbygningen. Det kan bli ei lang ventetid.

Verksemdsleiar Tormod Fossheim opplyste i komiteen at kommunen fekk eit forslag til reguleringsplan for ei veke sidan, men at det er naudsynt å ta eitpar runder til med dei som er berørte før planen blir lagt til ut til offentlig ettersyn.

- Viss planen blir lagt fram slik den er i dag, kan det ta lang tid før den blir vedteke. Alle partar bør akseptera den før framleggjinga, sa Fossheim.

Kommunen skal no ha intervju med partane og gje føringar for det den meiner er naudsynt for å komma vidare. Fossheim trur at planen kan bli lagt fram for forvaltningskomiteen tidleg på vårparten viss prosessen går nokonlunde glatt.

Hans H. Berge (US) spurde om partane var einige i det reguleringsplanen inneheld. Det kunne ikkje Fossheim svara på, men meinte at partane sine interesser er ivareteke.



Berre leiar Egil Heimvik (lengst til venstre) frå Frp og Morten Vevatne frå Høgre ville gje Rabben Camping medhald i klaga. Til høgre for Heimvik sit Rita Skaalevik frå same parti. Til venstre for Heimvik sit Synnøve Handeland (V), Ingemund Løland (AP), Øyvind Hardeland (AP), Olav Gunnar Hjelmeland (SP) og Jostein Grov (SV). (Foto: Ola Matti Mathisen)

Øyvind Hardeland (AP) ville ha is i magen og avvanta reguleringsplanen før det blir gjeve grønt lys for vøling av sanitærbygningen. Han var redd at Rabben-vertane ikkje ville akseptera planen viss dei fekk lov til å gjennomføre byggjeprojektet no.

Morten Vevatne streka under at partane må komma til einigheit gjennom reguleringsplanen, og vona at den vil bli fremma snarast mogeleg. Men handsaminga av den vil ta tid og snart kommer ein ny sommarsesong. Han hadde vondt av at campingplassen skal stå med ein uferdig sanitærbygning.

- No må Rabben få lov til å komma eit skritt vidare og utvikla plassen, meinte han.

Synnøve Handeland (V) meinte at viss komiteen gjev grønt lys for sanitærbygningen før reguleringsplanen kjem, kan ikkje folk lenger stola på komiteen.

- Behovet for utbetring av bygningen har vore kjend i årevis. No må vi ha ryggrad nok til å seia nei, sa ho.

Jostein Grov (SV) var av same mening som Venstre-representanten.

- No må vi vera ryddige, så mykje konfliktfylt stoff det har vore og er rundt Rabben, meinte han.

Grov fekk eit klårt nei då han stilte dette spørsmålet:

- Må det byggast på ein etasje for å renovera toalettanlegget?

Fleire av komiteemedlemmene meinte at det måtte vera mogeleg å foreta reparasjonar av bygningen, men Vevatne sa at det må til ein fullstendig renovering.

Rita Skaalevik (Frp) spurde om det vil utløyse konflikt med naboar viss komiteen gjev grønt lys for vøling.

Saksbehandlar Jon Harald Kjærland svara at huset ligg nær nabo og at det kan oppstå kryssande interesser.

Han peika og på at det ligg ein pumpestasjon i første etasje i bygningen og at det kan bli lukt- og støyproblem for ein eventuell toppetasje som det er planar om. Dette er problem som bør utgreiast nærare.

Vevatne: - Det viktige er at Rabben får gjera noko med bygningen slik den står i dag.

Av Ola Matti Mathisen



Morten Vetvatne frå Høgre (lengst til høgre) var for at Rabben Camping skulle få løyve til vøling av sanitærbygningen. På hans høgre side sit Hans H. Berge (US), Liv Iren Brekke (TS) og Edmund Berge (TS). (Foto: Ola Matti Mathisen).